

BARONIET ROSENDAL

Formidlings- og forskingsplan for Museet Baroniet Rosendal

2017-2021

Baroniet Roendal har sidandette unike nasjonale kulturminnet fekk museumsstaus i 1990, gradvis auka formidlings- og forskingsaktiviteten samstundes med utviklinga av det omfattande kulturprogrammet. Museet sin ambisjon er forskingsbasert formidling til eit breitt publikum, samt til forskingsfellesskapen i inn- og utland. Dette har museet gjort fram til den komande planperioden, og vil halda fram med dette i perioden. Det er ein ambisjon som både er i tråd med Baroniet Rosendals historie, og med samfunnsoppdraget til museumseigar Universitetet i Oslo.


Baroniet Rosendals generelle formidlings- og forskingsverksemد sidan 1990

Kjernen formidlingsverksemda ved Baroniet Rosendal sidan 1990 har vore omvisingar på slottet på Rosendal og i hagen rundt. Årleg får om lag 60 000 personar ei slik omvising. Innhaldet i omvisingane har utvikla seg i takt med framskaffing av kunnskap om Rosendal. Fram til midten av 1990-talet var det sentrale i kunnskapsframskaffinga innsamling av alt publisert materiale om Rosendal. Deretter har framskaffing av heilt ny kunnskap overtatt. Denne kunnskapen har fått prega omvisingane, men vil gje det i enno større grad i planperioden.

Ved sida av omvisingane, har føredrag av forskrarar innan ulike fagfelt, men òg av forfattarar, andre kunstnarar og andre med særleg kunnskap om eit tema, vore ein viktig formidlingsaktivitet ved museet. Sidan 2002 har ein arrangert eit årleg historisk seminar med fire til fem føredrag og mellom 40 til 60 tilhøyrarar, og sidan 2016 har ein òg hatt føredrag som ein del av programmet på den nyopprettet kammermusikkfestivalen. I sommarprogrammet i 2017 utgjer dette

- 6 foredrag som ein del av kulturprogrammet
- 6 foredrag som ein del av kammermusikkfestivalen
- 1 historisk seminar med fire foredrag som ein del av kulturprogrammet

Det har òg vore kopling mellom kulturprogrammet, formidling og forskingsverksemد i dei årlege utstillingskatalogane til Baroniet Rosendal. Utstillingane har i all hovudsak hatt tema



BARONIET ROSENDAL

som kan knytast til Baroniet Rosendals historie, som til dømes Hans Gude (1994/som var på Rosendal og ein god ven av stamhusbesittaren), om levande vatn og fossen (1999/ein sentral

del av parken rundt Rosendal) og Hattebergskatten (2005/funnen i nærleiken av slottet på Rosendal). Dei historiske kunstutstillingane har alle fått sin eigen utstillingskatalog der forskarar har skrive om kunstnaren og kunstverka. Ikkje minst professor emeritus Magne Malmanger har forfattar fleire av utstillingskatalogane, men òg professor emeritus Gunnar Danbolt og seniorforskar Kasper Monrad har vore viktige bidragsytarar over tid.

I 1996 vart fire personar engasjert til å bruka det historiske materialet i Rosendalsarkivet for å skaffa fram ny kunnskap om livet til Stamhusbesittar Marcus Gerhard Hoff-Rosenkrone 1823-1896, som resulterte i ein publikasjon og eit seminar året etter. I 2005 vart essensen i forskingsresultata til Margun Eik, i fleire år konservator for hage og landskap ved museet, publisert i «Kjøkken & Urtehave på Baroniet Rosendal».

Den særlege satsinga på formidling og forsking frå 2002

Den ovanfor nemnte formidlings- og forskingsverksemda ved museet Baroniet Rosendal gjekk inn i ein ny og meir intens fase i 2002. Foredraga og utstillingane, med utstillingskatalogane, haldt fram som viktige element. Men i tillegg kom det historiske seminaret, og fleire föredrag og publikasjonar om Rosendals historie.

I 2000 ordna Jørn Øyrehaugen Sunde¹ den siste delen av Rosendalsarkivet, og utvikla Det digitale Rosendalsarkivet, som var eit pionerprosjekt innan digital formidling den gongen: <http://digitalarkivet.no/rosendal/> I 2002 vart han tilsett av Baroniet Rosendal som rådgjevar i historiske spørsmål, med hovudansvar for det historiske seminaret, og for å rådgje dei som vende seg til museet med historiske spørsmål. Det historiske seminaret vart dermed heilt frå byrjinga delvis eit instrument til å skaffa fram og formidla ny kunnskap om Rosendals historie. Til dømes vart det arrangert to seminar om tilhøvet mellom Vestlandet og Shetland, som viktige bidrag til det historiske grunnlaget for utstillinga «Vegen over havet – Frå Mowattande på Shetland til Baroniet Rosendal». Utstillingskatalogen, med same tittel,

¹ <http://www.uib.no/en/persons/J%C3%B8rn.%C3%98rehagen.Sunde>



BARONIET ROSENDAL

innehaldt store mengder ny kunnskap om Baroniet Rosendal si historie på 1500- og 1600-talet, og meir generelt om handelsverksemda mellom Vestlandet og Shetland i dette hundreåra.

Som eit resultat av arbeidet med utstillinga «Vegen over havet» vart Sunde spurt om å halda føredrag på Shetland Archives and Museum i 2008 og 2011,² samt eitt føredraget på den trettande konferansen for skotske rettshistorikarar i Edinburgh i 2010,³ ved sida av fleire populærhistoriske føredrag som same tema haldne i Noreg. Arbeidet resulterte òg i publikasjonen «From a Shetland Lairdship to a Norwegian Barony - The Mowat-family and the Barony Rosendal»,⁴ utgjeven av Shetland Archives and Museum i 2009, eit avisartikke I Noreg og ein på Shetland,⁵ samt la grunnlaget for artikkelen «A Dubious Tale of Misfortune Revealing the True Nature of Udal Law on Shetland and the Schound Bill – Shetland Law at the Beginning of the Seventeenth Century» frå 2016.⁶

I si tid som rådgjevar i historiske spørsmål publiserte Sunde òg artikkelen «Den duftende Lavendel» i Samtiden i 2002, artikkelen «Livskunst i eit atelier» i ein av museet sine utstillingskatalogar i 2004, artikkelen «Vegen over havet» i museet sin utstillingskatalog med same namn i 2010. Mellom våren 2011 og hausen 2015 var Museet Baroneit Rosendal utan ein rådgjevar i historiske spørsmål, men Sunde vart så engasjert på nytt som forskingsleiar på museet. I 2015 forfattar han «Rosendal – slottet frå 1665. ‘Et underlig, levende minne’» som presenterer ei samanfatning av ny, forskingsbasert kunnskap om Baroniet Rosendals historie.⁷

Baroniet Rosendal har òg samarbeidd med Universitetet for Miljø og bioforsk. – Ås og kjøttbedrifa Fatland AS om eit forskingsprosjekt på vinterfora lam. I 2017 vart prosjektet

² «The Mowat-family and the Barony Rosendal», og «The abolition of 'foreign laws' on Shetland and Orkney in 1611».

³ «When elephants fight, might the mouse prevail? The making of Shetland law 1602-1612».

⁴ ISBN 978-0-9557642-3-3.

⁵ «Anders Mowat og hans etterkomrarar på Shetland og på Tysnes», publissert i lokalavisa Tysnes 23.12.2009, og «Not a stick of wood - Trade relations as the core of Shetland-Norwegian relations up till the mid 19th century» publisert i The New Shetlander, no. 253 2010.

⁶ Publisert i *Continuity, Change and Pragmatism in the Law: Essays in Memory of Professor Angelo Forte* (ISBN: 978-85752-039-2) (Aberdeen University Press).

⁷ ISBN: 978-82-7326-113-7.



BARONIET ROSENDAL

tildelt tre millionar kroner til å utforske moglegheitene for ny verdiskaping basert på nye driftsmåtar med overvintra lam ved Baroniet Rosendal.⁸

Formidlings- og forskingsplan

Det er på denne bakgrunnen museet Baroniet Rosendal vil byggja sin formidlings- og forskingsplan. Planen er dermed tufta på ambisjonar som kviler på akkumulert erfaring.

Stillingar

Sidan 2015 har Jørn Øyrehaugen Sunde, professor i rettshistorie ved Det juridiske fakultet i Bergen, vore tilsett som forskingsleiar ved Baroniet Rosendal i ei 20% stilling. Dette engasjementet vil halda fram gjennom planperioden. Sunde har i denne stillinga ansvaret for


- Opplæring av omvisarar
- Det årlege historiske seminaret
- Å svara på førespurnadar knytt til Rosendals historie og/eller Rosendalsarkivet
- Forskar å Baroniet Rosendals historie for å gje ut eit større verk om tema i 2022.
- Digitale utstillingar på nett og i en nye riddarsalen på Avlsgarden.
- Å gje ut faglege og fagfellevurderte antologiar som kontekstualiserer Rosendals historie.

Aktivitetar

1. *Opplæring av omvisarar*

Gjennom «Rosendal – slottet frå 1665. ‘Et underlig, levende minne’» fekk alle, inkludert omvisarar på museet, ein god oversikt over forskingsfronten for Baroniet Rosendals historie. Men det finst langt meir uskriven kunnskap som er samla med tanke på ei stor og langt meir inngåande bok om Rosendals historie. For at omvisarane skal vera fullt oppdatert og kapable til å vidareformidla denne kunnskapen til eit breitt publikum, vil forskingsleiar Sunde halda eit eige opplæringsseminar for omvisarar i byrjinga av juli kvart år.

⁸ Lars Olav Eik -Universitetet for Miljø og bioforsk. – Ås



BARONIET ROSENDAL

2. Svar på konkrete førespurnadar

Eit aspekt ved formidlinga på Baroniet Rosendal som ikkje når mange, men som kvalitativt er viktig, er å svara på konkrete spørsmål knytt til Rosendals historie. Det kan vera spørsmål om personar, gjenstandar, om sosial-, økonomisk- eller kulturhistorie. Eller det kan vera spørsmål om kva som finst av materiale i Rosendalsarkivet knytt til forsking eller til rettstvistar. Seinare år har særleg spørsmål frå forskarar auka. Dette arbeidet litt til forskingsleiar Sunde, og vert høgt prioritert.

3. Foredrag som ein del av kulturprogrammet


Baroniet Rosendal vil halda fram med å ha foredrag som ein del av kulturprogrammet. Tema for føreraga har tradisjonelt vore variert, og delvis vore knytt til andre postar på kulturprogrammet, og til tema i tida. Slik ønskjer ein òg å ha det i planperioden. Museet vil tilby minst seks slike foredrag å året, og ansvaret for utveljing av foredragshaldarar og foredragstema vil ligga på direktør for Baroniet Rosendal Anne Grete Honerød.

4. Foredrag som ein del av kammermusikkfestivalen

Museet vil òg halda fram med foredrag som ein del av kammermusikkfestivalen. Her er tema for foredraga direkte knytt til tema for festivalen, og haldne av fagpersonar med særleg kompetanse og innsikt. Det meir vide og opne foredragsprogrammet på kulturprogrammet, vert slik supplert av eit meir spesifikt og målretta foredragsprogram på kammermusikkfestivalen. Slik skal det òg vera i planperioden. Museet vil tilby minst fire slike foredrag kvar festival. Ansvaret for utveljing av foredragshaldarar og foredragstema vil ligga på kunstnarleg leiar for kammermusikkfestivalen Leif Ove Andsnes.

5. Utstillingskatalogar

Baroniet Rosendal vil halda fram med å årleg publisera utstillingskatalogar knytt til dei historiske utstillingane ved museet. Tema for utstillingane har gjeve formidlinga av Baroniet Rosendals historie ein kontekst, og det skal dei òg gjera frametter. Ein vil òg halda fram òg publisera årlege utstillingskatalogar med bidrag frå forskarar på feltet i planperioden. Men det vil verta sett ned ein redaksjonskomité leia av vitskapleg kvalifisert person, og artiklane vil verta fagfellevurdert. Målet er å få utgjevingane akkreditert gjennom Universitets- og høgskulerådet.



BARONIET ROSENDAL


6. Det historiske seminaret

Det historiske seminaret har ubrote vorte halde frå 2002, og skal halda fram i planperioden. Medan hovudfokus på seminaret 2002 til 2010 var Baroniet Rosendals historie meir direkte, har seminaret sidan 2011 vore meir kontekstualiseringe på same vis som utstillingane, men då slik at Sunde sine føredrag har vore basert på siste forsking om Rosendals historie. Slik vil det òg vera i planperioden.

Baroniet Rosendal vil i planperioden byrja å samla føredrag haldne på det historiske seminaret, og gje dei ut i same serien som utstillingskatalogane. Ambisjonen er å gje ut ein antologi kvart tredje år. Sunde vil leia redaksjonskomiteen, og artiklane vil verta fagfellevurdert. Igjen er målet er å få utgjevingane akkreditert gjennom Universitets- og høgskulerådet.

7. Historiske utstillingar

Seinsommaren 2016 stod den nye riddarsalen på Avlsgarden ferdig. Denne er både konsertsal, seminarlokale, og ikkje minst utstillingslokale. Det er investert om lag 1 million i 11 digitale utstillingstavler. Frå 2018 vil ein byrja å utvikla ei digital utstilling for kvar av tavlene. Utgangspunktet for kvar utstilling, vil vera materialet i Rosendalsarkivet, som dekker 20 hyllemeter med primærkjelder frå Baroniet Rosendals historie frå slutten av 1500-talet til 1927. Tema vil dekka emne frå sosial-, kultur- og administrasjonshistorie ved sida av økonomisk historie, og vil vera 1. Frå tømmerhandel til Baroni, 2. Ein stat i staten, 3. Hagen på Rosendal, 4. Biblioteket på Rosendal, 5. Rosendal og det nasjonale, 6. Rosendal og kunsten, 7. Bondekultur og herreskapskultur, 8. Europareiser, 9. Barndom på eit baroni, 10. Kvinnene på Rosendal, 11. Jord, pengar og velferd. Ambisjonen er å utvikla utstillingane parallelt med skrivinga av bokverket om Baroniet Rosendals historie, og skal vera ferdig i 2022. Men dette vil delvis vera eit ressursspørsmål. Det faglege ansvaret for innhaldet i dei digitale utstillingane vi leggja hos forskingsleiar Sunde, medan den digitale utforminga vil leggja hos rådgjevar i IT ved museet Linda Løvfall.



BARONIET ROSENDAL

8. Presentasjon av Rosendalsarkivet

Rosendalsarkivet har ei ganske unik samling av om lag 1000 private brev frå slutten av 1500-talet og til 1927. Desse gjev ein innfallsvinkel til historia som er meir personleg, og dermed enklare å formidla. Denne formidlingsressursen har ein til no ikkje tatt ut potensiale til. Det vil ein endra på med å leggja ut eit nytt brev med forklaring på museet baroniet Rosendal si Facebook-side ein gong i månaden i planperioden. Det faglege ansvaret vil liggja hos forskingsleiar Sunde, medan den digitale utforminga vil liggja hos rådgjevar Løvfall.

9. Digital presentasjon av museet Baroniet Rosendal

Museet ønskjer å laga ein liten informasjons- og introduksjonsfilm på norsk og engelsk på 10 minutt som kan leggjast ut på museet sine heimesider og spreast via Facebook. Filmen skal gje grunnleggjande informasjon om historia til hagen og slottet, samt presentera museet sitt kultur- og formidlingsprogram. Forskingsleiar Sunde har alt laga slike filmar på andre prosjekt⁹ og vil ha ansvaret for dette.


10. Boka om Baroniet Rosendals historie

Mykje av formidlingsaktiviteten på Baroniet Rosendal fram til 2022 vil vera knytt til at forskingsleiar Sunde skriv ei heilt ny bok om Rosendals historie, basert både på forskinga som er gjort, og den som skal gjerast parallelt med skrivinga. Arbeidet er langt meir omfattande enn det som kan rommast innan Sunde si stilling, og han vil difor søkjar stipend for frikjøp frå si ordinære stilling som professor i rettshistorie ved Juridisk fakultet i Bergen. Eit slikt stipend har han for delar av 2018 frå Norsk Faglitterær Foreining. Formidlinga av Baroniet Rosendals historie vil dermed heile tida liggja i forskingsfronten.

11. Leksikalformidling

Under bokprosjektet vil det verta framskaffa heilt ny kunnskap om Baroniet Rosendals historie, som museet si formidling generelt vil dra nytte av. Men heilt spesifikt vil ein òg formidla denne nye kunnskapen gjennom å skriva artiklar for Norsk Biografisk Leksikon og Store Norske Leksikon på nett. Forskingsleiar Sunde er alt mellom forfattarane på Store

⁹ Sjå til dømes <https://www.youtube.com/watch?v=21Ot5-wbGHs&feature=youtu.be> (Håkonshallen), og <https://www.youtube.com/watch?v=pEx0UZlbl8o> (The Kings Castle in Bergen).



BARONIET ROSENDAL

Norske Leksikon,¹⁰ og er konkret beden om å skriva om Axel Rosenkrantz og Marcus-Gerhard Hoff-Rosenkrone for Norsk Biografisk Leksikon. Dette vil verta eit nytt element ved formidlinga ved museet.

Samarbeid

Museet Baroniet Rosendal ønskjer å samarbeida om forsking- og formidling. Museet ønskjer ikkje å binda seg til ein institusjon eller ein type forsking, sidan det har erfart – mellom anna gjennom samarbeidet med -Universitetet for Miljø og bioforsk. – Ås og kjøtbedrifta Fatland AS – at moglegheitene ofte overskrid fantasien sine grenser.

Dette kjem likevel ikkje i vegen for at ein vil ha særleg fokus på å aktivt samarbeida, og slik dra meir vekslar på, den forskingskompetanse som finst ved museumseigar Universitetet i Oslo, og det nærliggjande Universitetet i Bergen. Dette har ein alt gjort i samband med dei historiske seminara, og noko ein vil halda fram med. Men det er naturleg å utvida kunnskapsutvekslinga utover det.


Ein har òg på dei historiske seminara dratt verkslar på den kunnskapskompetanse som er ved dei nærliggjande Hardanger og Voss museum og Sunnhordland museum, noko det er naturleg å gjera i framtida òg. Men igjen må ein sjå om det er naturleg å utvida samarbeidet.

Finansiering

Formidling og forsking kostar. Baroniet Rosendal har gjort ei ganske stor og fortløpende investering i dette gjennom å tilsetja ein professor som forskingsleiar i 20% stilling. Investeringa av utstillingsskjermar i den nye riddarsalen er døme på eingongsinvesteringar som er gjort. Den årlege utgjevinga av utstillingskatalogar, det historiske seminaret og föredraga er alle aktivitetar som på eine sida utgjer eit produkt museet sel, men på andre sida er produkt med ei større utgiftsside enn inntektsside og som må delfinansierast av andre kjelder.

Dei aktivitetsplanar som er skissert opp ovanfor har dermed ein kostand. Men dei fleste av dei er alt dekka av investeringar som er gjort eller som det er budsjettert med skal skje fortløpende så lenge museet ikkje opplever inntektssvikt. Unnataket er for det fyrste dei

¹⁰ Sjå https://snl.no/Magnus_Lagab%C3%B8tes_landslov og <https://snl.no/H%C3%B8esterett>



BARONIET ROSENDAL

digitale utstillingane i den nye riddarsalen som fordrar ressursar utover det ein i dag disponerer over for at det skal ferdigstillast innan planperioden. Større samarbeidsprosjekt med andre institusjonar vil fordra det same.

For å gjera formidling og forsking mindre avhengig av museet sine fortløpende inntekter, og for å kunna gjera større investeringar som den digitale utstillinga i den nye riddarsalen, må Baroniet Rosendal både tilførast meir offentlege midlar, og museet må søkjar eksterne midlar. Det siste har museet ei lang historie for å gjera, og kan byggja vidare på erfaringar som er hausta. Det første har vore ein akilleshæl i museet si driftshistorie generelt.